



Returadresse:
Skatteetaten, Postboks 9200 Grønland, 0134 OSLO

Saksbehandlar
Knut Ekerhaugen

Vår dato
07.08.2019

Telefon
+47 61053775

Vår referanse
23029332

Arkivnr.
2019/5891698

Unntatt offentlighet
Offl. § 13, sctfv. § 3-1

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

ORG.NR. 933 952 711 - MELAND KOMMUNE VEDTAK OM Å SLETTE MELAND KOMMUNE I MEIRVERDIAVGIFTSREGISTERET

Skattekontoret har vedteke å slette verksemda i Meirverdiavgiftsregisteret. Den siste terminen de skal levere skattemelding for meirverdiavgift (mva-melding) for, er mars - april 2019. Årsaka til at vi har sletta dykk, er at:

- verksemda er avslutta

De kan såleis ikkje lenger krevje inn meirverdiavgift ved omsetning.

De kan klage på vedtaket

Klagefristen er seks veker frå de får dette brevet. Klaga skal vere skriftleg og må svare på følgjande spørsmål:

- kva for eit vedtak klagar de på?
- kvifor klagar de på dette vedtaket?
- kva for endringar ønskjer de?

Ta òg med eventuelle andre opplysningar som kan ha noko å seie når vi skal vurdere klaga. Hugs å gje opp eit referansenummer. Send klaga til skattekontoret. De kan lese meir om klageretten på skatteetaten.no/mva/klage.

Dette må de gjere no

Sjølv om verksemda er sletta frå Meirverdiavgiftsregisteret, må de likevel levere ei mva-melding for den siste terminen dersom de ikkje allereie har gjort det. I denne mva-meldinga må de òg ta med meirverdiavgift rekna ut av omsetningsverdien til dei varene og driftsmidla som de har att på opphøyrstidspunktet.

Dessutan må de oppbevare rekneskapsbøker og bilag i fem år.

Dersom de igjen skulle få meirverdiavgiftspliktig omsetning over beløpsgrensa på kr 50 000 i løpet av ein periode på tolv månader, må de sende ein ny søknad om registrering, med dokumentasjon.

Aktuelle reglar

Desse lovene og forskriftene er aktuelle for informasjonen i dette brevet:

- sletting frå Meirverdiavgiftsregisteret: sjå meirverdiavgiftslova § 14-3



- retten til å fakturere med meirverdiavgift: sjå meirverdiavgiftslova § 15-11 første ledd
- uttaksmeirverdiavgift: sjå meirverdiavgiftslova §§ 3-21 og 3-22
- retten og plikta til å bli registrert i Meirverdiavgiftsregisteret: sjå meirverdiavgiftslova § 2-1
- plikta til å oppbevare rekneskapsmateriale: sjå bokføringslova § 13
- retten til å klage på vedtaket: sjå skatteforvaltningslova kapittel 13

Lover og forskrifter som det blir referert til, finn de på lovdata.no.

Har de spørsmål?

Det er viktig å oppgi referansenummeret når de kontaktar oss. Referansenummeret er anten saksnummeret som står øvst i brevet under 'Vår referanse', eller org.nr./fødselsnr. Gje opp eit telefonnummer vi kan nå dykk på.

De kan lese meir om meirverdiavgiftsreglane på skatteetaten.no eller ringje 800 80 000 (frå utlandet +47 22 07 70 00), eventuelt sende e-post ved å gå inn på skatteetaten.no/sendepost.

Med helsing
Skatteetaten